Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing.

Oppskr. av: Aug. Skjærpe

(adresse): Nærbø st.

Fylke: Rogaland

Herad: Nærbø

Bygdelag: Nærbø

Gard: Skjærpe

G.nr. 21 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, med eit lite bukk. Nei, med litt nikking med hovudet. Dette var for umlag 70 år sidan
2. Jamt yngre helsar ein på dei eldre.
3. Skulde ein gå for å møta ein, so helsar denne jamt fyrst.
4. Goddag, her er lengje sidan me treftest, eller: Det var gjildt, du ville gjå hit.
5. Helsing på presten var: Takka av seg hat eller hua, med eit smil, framfyre helsing på andre
6. Kan ikkje minnast nokon tok hat eller hua med begge hender.
7. Helsingi var som almindeleg.
8. Når kjenningar eller skyldfolk treftest, etter å hava vore lenge, å då helsast der på alle i huset, særleg av eldre folk.
9. Ikkje utan det måtte vera noko sære.
10. Kan ikkje minnast nokon gjorde det korkje menn eller kvinnor.
11. Folk som kjører enten med hest eller bil, stansar mens likfylgjet passerar, ikkje for brurefylgje, berre ei helsing med eit bukk.
12. Kan ikkje hugsa noko um slikt; men det hender jamt, eg snakkar til helsinga, nøg kjem til dei, og desse skjønar seg godt på det.

7629

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. | Herad:

Emne: | Bygdelag:

Oppskr. av: | Gard:

(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

13. Gomorn, fyr kl. 9, goddag, resten av dagen med ùnntak, då ein mødde folk sat aat middag, så dei god middag. God kveld eller vil dei vera finare god aften, og godnatt no dei skildest

14. Nei! det gjeng om kvarandre

15. Ikkje eg minnest.

16. Om kvarandre.

17. I kring 1875 då jarbana vart bygd, sa far min, at folk gjik til kyrkja på ein yrkjedag (kanskje bededagen fall på yrkjedag) Dei gjik forbi arbeidslag og så „Gud hjelpe arbeide". Ein svenske høgde på dette av alle mens dei drog på ein stein, då sa han: „Hvr gjør det sju tusend, lange stykker utan Guds hjelp." No tildags kan det treffa „signe arbeidet", vert sagt.

18. Ja takk, eller takk ska du ha, svarast endå

19. Ja! kan hendar på bygdefolket inna også.

20. Eg skulde snakt med deg åleine eller under 4 augo.

21. Framande brukar på, men kjendes ikkje.

22. Kom inn! var svaret. Godmorn, godag, eller Godkveld, etter so det passar på dagen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7629

23. Dei sa trast „du må setja deg“ eller „finna deg eit sæte“
24. Hua eller hatt tok ein av med det same ein kom inn.
25. Det var gjilt du vilde sjå inninn, du må finna deg eit sæte.
26. Ikkje noko sarlegt.
27. Som No 22.
28. Kanskje litt omstendeleger
29. Goddag, velkommen.
30. Takk for dørset, sjølv takk.
31. a. Gud ikkje der ikkje hinder deg noko, farvel.
b. tok med begge hender, helsa: Gjer me må treffast att, um ikkje fyr der uppe.
32. Det var berre no prestfolkje treftest etter ei reis, at kyssast.
33. Dei tok huset fyre seg.
34. Trur ikkje det.
35. Hev aldrig sett det.
36. For vyrnad og gleda.
37. Ikkje på desse kantar.
38. No før tidi: Kom hid eg må få gjeva deg klem.
39. Bytta, byta nase, sa dei til barni.
40. Det var visst berre annari, til barna.
41. Dei tok barnets nase millom tummen og peikefingeren, trekte til, og stakk tummelfingeren inn millom lange- og ringfingeren, og så „sjå her hev eg nasen din“, då kjende barnet um nasi var burte.
42. Det trefte det vart gjort; men noko nomn på det hev eg ikkje høyrt.
43. Det trefte millom alle.
44. No ein skulde gjera noko sers, til lukka eller lukka til.
45. Gledeleg jol, godt nytår, (17mai) lukka med dagen. tillukka med etc litte, elv. litte. tillukka, tillukka

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7629

46. Det gamle var: „Gud velsigne deg"
no er de Kondülerars.

47 Takk, jamt med tårar i augo.

48 I eldre tid, hugsar eg ikkje det vart gjort,
men no tildags, takka ein med gravi, for
samkjensla med den avlidne.

49. Med eit kort beklagar med handtak
og ein samanbrekt munnd.

50. Landsfolk brukar du til ein, de til fleire.
men byfolk eller dei so vil vera finare
på det „de"

51. Til dømes: „Han sa, Kl. 8 skulde mitast"
" „Ho sa, Kaffien er kokte.

52 So seint som 1910, var endå den skikk
millom gamle folk, att dei mälte tobakk
i armen og liksom drakkast tilbars.
Dette var under alle kåser no folk skulde
koma saman. For 70 år sidan gjaldt det
baade små og store.

53. Det var jamt for 100 år sidan, at
folk såg og trudde slikt var til; men
no trur ingen på slikt noko.
Mi mor, sa der spökte jamt på nabo-
garden med alslags.
Mannen i huset fekk truande folk å vaka
ein notti, men dei gjorde det ikkje.
For 65 år sidan spurte eg mannen ein gong
på fyrkaud, mulkje kva tid det vilde spökje.
Ja! svara han: Eg sa til han, „Eg hev ikkje
noko utestående med nokon, gje meg bod,
so skal eg vaka med notti.
Eit halvt år seinare, spurte eg han: „Hev der
ikkje meldt seg noko?" „Det er nok du so
hev skramt det, avdi du ikkje er red" svara
han.

7629

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING